



Nynorsk kultursentrum

# Vedtaksprotokoll styremøte

**Ivar Aasen-tunet, Ørsta**

**Onsdag 6. juni 2018 kl. 09.00–13.30**

## **Til stades**

Lodve Solholm (leiar), Hilde Barstad (nestleiar), Hilde L. Bjørnsvik, Sæbjørn Forberg, Siri Beate Gjerde, Janne Nygård, Jon Østbø, Per Halse (rådsordførar, observatør), Ottar Grepstad (direktør)

## **Sakliste**

### **Konstituering**

- 19/2018 Innkalling og sakliste
- 20/2018 Godkjenning av protokollar

### **Saker til orientering**

- 21/2018 Referatsaker
- 22/2018 Aktuelle saker
- 23/2018 Personalsaker

### **Vedtaksaker**

- 24/2018 Rekneskap januar–april 2018
- 25/2018 Direktørstillinga
- 26/2018 Langtidsplan kafeen nr. 5 2018–2021
- 27/2018 Olav H. Hauge-stipendet
- 28/2018 Løyvingar Vinje-fondet
- 29/2018 Engelske institusjonsnamn
- 30/2018 Profilering av institusjonen
- 31/2018 Moment til ein minnepolitisk strategi
- 32/2018 Møteplan 2019
- 33/2018 Nynorsk kultursentrum 25 år
- 34/2018 Opprydding av uteområde i Aasen-tunet

## **Drøftingsaker**

- 35/2018 Reglar for personvern  
36/2018 Resultatvurdering januar-mai 2018

## **Perspektivdagen 2018**

Program ligg ved.

# **Konstituering**

## **19/2018 Innkalling og sakliste**

### **Vedtak**

Innkalling og sakliste er godkjende.

## **20/2018 Godkjenning av protokollar**

### **Vedtak**

Protokollar frå styremøte 27.2.2018, konstituerande styremøte 27.2. og telefonmøte 25.4.2018 er godkjende.

# **Saker til orientering**

## **21/2018 Referatsaker**

### **Publikum**

Til og med 30.4.2018 hadde Nynorsk kultursentrum hatt 7023 gjester, mot BU 6091 og RE 9611 på same tid i fjor.

På nettstadene hadde vi 214 538 unike brukarar (økter), mot BU 227 900 og RE 176 359 i fjor. Vi hadde 483 265 sidevisingar, mot BU 548 220 og 521 833 på same tid i fjor. Av dette stod Allkunne for 84 679 unike brukarar (58 prosent, mot 48 prosent i fjor) og 206 823 sidevisingar (48 prosent, mot 40 prosent i fjor).

I ulike sosiale medium følgde 21 805 oss, mot 20 181 ved årsskiftet.

Frå og med 2000 hadde Nynorsk kultursentrum per 30.4.2018 hatt 402 658 gjester og 5 360 712 nettstadbrukarar, til saman 5 763 370 gjester og brukarar.

*Vi passerer truleg 6 millionar før 25-årsjubileet 30.8.2018.*

## **Organisasjon**

### Rammevedtak om Vinje-senteret

Ordførar Jon Rikard Kleven i Vinje kommune melde i e-post 24.5.: «Hei, til orientering gjorde formannskapet i dag oppstartsvedtak for Vinje-senteret. Dvs. at vi no går i gang med prosjektering og har planar klare slik at vi kan starte bygging tidleg i 2019. Då vonar eg staten kjem med sine millionar for finansieringa sin skuld. Saka om oppstart går ikkje vidare til kommunestyret, slik at vi set i gang etter dagens vedtak.»

Gratulasjon og takk er send.

## **Politisk og kulturfagleg arbeid**

### Høyringsfråsegn om overføring av støtteordningar

Som det går fram av protokollen for skriftleg møte 25.4., kom det inn nokre mindre merknader til framlegget til høyringsfråsegn. Dokumentet blei sendt 3.5. og er spreidd vidare av mellom andre Norges Museumsforbund.

### Kritikk av museum

Redaktør Per Magnus Finnanger Sandsmark er vald til medlem av styringsgruppa for «Kritikk av museum» mai 2018–april 2019. Dette er initiert av Museumsnytt og Norges Museumsforbund med støtte frå Fritt Ord og Kulturrådet. Prosjektet skal føre til meir kritikk av kultur- og naturhistoriske museum i dagspresse og fagblad, utforske kvalitetskriterium for museum og nye formidlingsformar for utstillingskritikk.

### Aasen-bibliografien

Den planlagde *Aasen-bibliografien. Skrifter av og om Ivar Aasen 1825–2017* er så godt som ferdig og blir presentert på 205-årsdagen 5.8. i Aasen-tunet. Boka blir på 528 sider og er ein parallell til *Vinje-bibliografien* frå 2017. Både publiserte skrifter av Aasen, manuskript og brev frå og til, og skrifter om Aasen er dekt av bibliografien. Boka om Vinje har 4400 innførslar; denne kjem opp i 6700. Godt samarbeid med Nasjonalbiblioteket har gitt meir og noko korrigert informasjon om deira eiga Aasen-samling.

### Skriftkultur

Det er tittelen på ei samling essay, artiklar og foredrag som direktøren gir ut på Samlaget 1.11. Forlaget fekk manuskriptet 15.4. og takka ja dagen etter. Manuskriptet er på 1,2 millionar teikn. Over halvparten av godt over 40 tekstar har ikkje vore trykte før, og nokre er upubliserte, skrivne for boka.

## Representasjon og publikasjonar

### Representasjon og ymse fagleg arbeid

Til no i år har Nynorsk kultursentrum vore representert på 90 møte m.m., mot 63 på same tid i fjor.

- Styremøte i Ulvik næringslag i Ulvik 20.2.: Geir S. Netland
- Møte med Voss lyd i Ulvik 6.3.: Jorid Lekve Eide, Geir S. Netland
- Styremøte i Musea i Møre og Romsdal i Molde 9.3.: Gaute Øvereng
- Møte i programrådet Poesifestivalen på Hamar 10.3.: Geir S. Netland, Jorid Lekve Eide, Stein A. Hevrøy, Ragnhild Nabben
- Møte med David Aasen i Samlaget 12.3.: Geir S. Netland, Ragnhild Nabben
- Møte med Edmund Austigard og Håkon Kolmannskog i Samlaget 12.3.: Geir S. Netland
- Møte med Ungdomsråd Ørsta og Volda, Kaihuset og Ørsta frivilligsentral om samarbeid
- Festspel: Olav Øyehaug Opsvik
- Språkdagen i Oslo 16.3.: Per Magnus F. Sandsmark
- Møte med Store Norske Leksikon 16.3.: Per Magnus F. Sandsmark
- Møte i Cittaslow-rådet i Ulvik 19.3.: Geir S. Netland
- Årsmøte og styremøte i Olav H. Hauge-stiftinga 21.3.: Geir S. Netland
- Samling i Litteraturnettverket i Aasen-tunet 21.–22.3.: Ottar Grepstad, Kristian Rantala, Gaute Øvereng, Anders Aanes, Stein Arnold Hevrøy, Siri Beate Gjerde, Synnøve Marie Sætre, Olav Øyehaug Opsvik
- Møte i styringsgruppa for prosjektet «Kritikk av museer» i Museumsnytt i Oslo 23.5.: Per Magnus F. Sandsmark
- Møte om samarbeidsavtale med Sparebank1 Søre Sunnmøre i Volda 23.3.: Gaute Øvereng
- Årsmøte og fagdag for Musea i Møre og Romsdal i Molde 4.4.–5.4.: Gaute Øvereng
- Informasjonsmøte om treårig driftstilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune i Molde 5.4.: Gaute Øvereng
- Reiselivskonferansen i Møre og Romsdal i Ålesund 5.4.: Laila Walseth Lid
- 200-års jubileumsarrangement for A.O. Vinje i Vinje 6.-8.4.: Ottar Grepstad, Geir S. Netland, Kristian Rantala
- Programslepp Volda kammermusikkfestival 12.4.: Olav Øyehaug Opsvik
- Skype-møte med Møre og Romsdal fylkesbibliotek om samarbeid på Dei nynorske festspela 12.4.: Olav Øyehaug Opsvik, Gaute Øvereng
- Møte i nettverk for regional kulturutvikling i Hardanger på Hauge-senteret i Ulvik 13.4.: Geir S. Netland, Guro Ljone
- Møte med Ulvik herad ved ordførar, rådmann og teknisk einingsleiar om Poesifestivalen i Ulvik 16.4.: Geir S. Netland, Jorid Lekve Eide
- Museum i norsk minnepolitikk – seminar på Petter Dass-museet Alstadhaug 17.4.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Anders Aanes, Geir S. Netland, Kristian Rantala
- Museumslandsmøte i Mosjøen 18.-19.4.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Anders Aanes, Geir S. Netland, Kristian Rantala
- Møte om bokprosjekt og nettverk for poetisk med Eirik Vassenden 20.4.: Stein Arnold Hevrøy
- Telefonmøte om korleis kulturutdanninga i Bø kan vere tilpassa museums-, litteratur- og nettjobbar, Høgskolen i Sørøst-Noreg 24.4.: Per Magnus F. Sandsmark
- Styremøte i Norsk Barneblad i Oslo 24.4.: Siri Beate Gjerde

Rådsmøte i Norsk Barneblad i Oslo 24.4.: Laila Walseth Lid, Stina Aasen Lødemel, Siri Beate Gjerde

Fylkeskulturkonferansen Møre og Romsdal 25.4.: Olav Øyehaug Opsvik

Skype-møte med Avento om ny publiseringsplattform for tunkatten.no 25.4.: Sunniva Lund Osdal, Gaute Øvereng

Møte Oktober forlag, Oslo 26.4.: Olav Øyehaug Opsvik

Årsmøte i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre i Ålesund 26.4.: Laila Walseth Lid

Museumsleiarsamling for Hordaland i Tyssedal 26.-27.4.: Geir S. Netland

Møte om Aasen-arkivalia med Nasjonalbiblioteket i Oslo 27.4.: Ottar Grepstad

Møte om språkstatistikk m.m. med Ingvar Engen i Oslo 27.4.: Ottar Grepstad

Årsmøte i Det Norske Samlaget i Oslo 27.4.: Ottar Grepstad

Møte Cappelen Damm, Oslo 27.4.: Olav Øyehaug Opsvik

Møte Aschehoug, Oslo 27.4.: Olav Øyehaug Opsvik

150-årsjubileet til Det Norske Samlaget i Oslo 28.4.: Ottar Grepstad, Kristian Rantala, Gaute Øvereng, Olav Øyehaug Opsvik, Synnøve Marie Sætre

Møte med Endre Ruset og Joakim Kjørsvik om DKS-produksjonen Olav H og eg i Oslo 2.5.: Ragnhild Nabben

Produksjonsmøte for Målbar, Festspela 2018, Møre folkehøgskule 3.5.: Olav Øyehaug Opsvik

Statusmøte med Ateco og Visma i Aasen-tunet 7.5.: Anders B. Kalvatn, Gaute Øvereng

Samarbeidsmøte med Sparebanken Vest i Ulvik 8.5.: Geir S. Netland

Styremøte i Ulvik næringslag 9.5.: Geir S. Netland

Møre med kulturminister Trine Skei Grande i Ørsta 12.5.: Ottar Grepstad

Møte med Lydkjelleren om Festspela i Aasen-tunet 15.5.: Olav Øyehaug Opsvik, Gaute Øvereng

Produksjonsmøte med Lydkjelleren og Volda bygdetun for festspelarrangement 2018, Volda bygdetun 15.5.: Olav Øyehaug Opsvik

Møte i Cittaslow-rådet i Ulvik 22.5.: Geir S. Netland

Møte med regissør for Les for livet!, Morten Joachim, i Bergen 23.5.: Ragnhild Nabben

Møte med Hordaland fylkeskommune om driftsmidlar 2019 i Bergen 23.5.: Geir S. Netland, Ottar Grepstad

Møte i prosjektgruppa for «Kritikk av museum», Museumsnytt i Oslo 23.5.: Per Magnus F. Sandmark

Møte med Samlaget om kortversjon av Nynorsk litteraturhistorie i Oslo 28.5.: Per Magnus F. Sandmark

Lansering av Jan Inge Sørbo: *Nynorsk litteraturhistorie* i Oslo 28.5.: Per Magnus F. Sandmark

### Talar, innleingar, foredrag

Til no i år har medarbeidarar halde 35 talar og foredrag, mot sju på same tid i fjor:

**Ottar Grepstad:** «Litterære museum i norsk minnepolitikk – mål, resultat og hovudlinjer». Samling i Litteraturnettverket i Aasen-tunet 21.3.

–: «Mi forteljing om A.O. Vinje». Voss bibliotek, Voss 5.4.

–: Programleiar og samtaleleiar Vinje-program, Vinjar samfunnshus 6.4.

–: «Vinje på talarstol og gullstol». Vinjar samfunnshus, Vinje 7.4.

–: «Den elleville historia om ein bautastein». Vinjar samfunnshus, Vinje 7.4.

–: Helsing frå Nynorsk kultursentrum ved festmiddag for A.O. Vinje, Vinjehuset, Åmot 7.4.

- : Presentasjon av boka *Forfattarens skriftstader*. Det nasjonale museumsmøtet, Alstahaug 17.4.
- : «Museum som minnepolitiske institusjonar». Det nasjonale museumsmøtet, Alstahaug 17.4.
- : Samtaleleiar om *Forfattarens skriftstader*. Det nasjonale museumsmøtet, Alstahaug 17.4.
- : Samtaleleiar om politisk press mot museum. Det nasjonale museumsmøtet, Alstahaug 17.4.
- : «Slik blei nynorsk blant dei hundre mest vitale språka i verda». Foredrag på fagdag for NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter i Aasentunet 23.4.
- : «Fem føredøme – fem utviklingstrekk». Foredrag på fagdag for NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter i Aasentunet 23.4.
- : «Nynorsk kultursentrum som aktør og kjelde». Foredrag på fagdag for NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter i Aasentunet 23.4.
- : «Tvisynt og framsynt». Deltaking i samtale om A.O. Vinje på Nasjonalbiblioteket i Oslo 27.4.
- : «Vinjes mange stemmer». 17. mai-tale Gran på Hadeland 17.5.
- Stein A. Hevrøy:** «Olav H. Hauges forfatterskap. Frå underet bak avglansen til Jesu ord og Heraklits vassgraut». Foredrag i Loddefjord kyrkje, Bergen 21.2.
- Geir S. Netland:** Framføring av mellomstikk om A.O. Vinje under programposten «Så sant som det er skrive» under Vinje-jubileet i Vinje 7.4.
- : Opningstale til temautstillinga «Ferdaminne frå Troja til Vestlandet» på Hauge-senteret i Ulvik 12.4.
- Kristian W. Rantala:** Helsing ved avslutning av hovudmarkeringa for A.O. Vinje i Vinje 8.4.
- : Presentasjon av Vinje-senteret med Vinjestoga for deltakarane på landsmøtet i Noregs Mållag i Vinje 14.4.
- Per Magnus F. Sandmark:** «Då nynorsk vart eit språk for alt». Foredrag på årsmøtet for Ørsta mållag 6.3.
- : «Litteraturformidling i sosiale medium». Foredrag for Litteraturnettverket i Aasentunet 20.3.
- : «Museumssektoren. Ei innføring.». Gjesteforelesing i faget «Kulturpolitikk og økonomi». Høgskulen i Lillehammer 9.4.
- : «Den redigerte røynda i leksikon». Fagdag for Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter i Aasentunet 23.4.
- : «Møte med nynorsk fagtekst i fleire fag». Nynorskseminaret på Hamar 27.4.
- : «Homoerotisk lyrikk frå 1930-talet: Åsmund Sveen». Arrangement i samarbeid med Bygdepride og Aasentunet 11.5.
- Gaute Øvereng:** Deltaking i samtalen «Ibsens ripsbusker og andre buskvekster. Om å gjøre klassikerne relevante». Biblioteket på Gran på Hadeland 2.5.

### Bøker og artiklar – trykte og digitale publikasjonar

Til no i år har medarbeidarar publisert tre bøker og ni artiklar, mot åtte i alt på same tid i fjor.

**Ottar Grepstad:** *Language museums of the world*. 2. utgåva. E-bok, Ørsta 2018

(red.): *Forfattarens skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk*. Det Norske Samlaget, Oslo 2018

-: *Barnetimetanta i eventyrbyen*. Manuskript. Gåve som e-bok til Det Norske Samlaget 24.3.2018 og som særtrykk 28.4.2018

- «Fri oss frå evalueringstyranniet». *Museumsnytt* nr 1 2018
- «Språkstrid på nøytral grunn? Ein kommentar til eit dusin oppslagsord i dei to norske ordbokverka». *Aasentunet.no* 24.1.
- A.O. Vinje: «Den norske språksituasjonen». Omsett frå engelsk med merknader. *Vinjesenteret.no* 22.3.2018
- «Då Vinje såg verda utanfrå». *Vinjesenteret.no* 22.3.2018
- «Den gløymde fornyaren». *Dag og Tid* 23.3.2018
- «Den gløymde fornyaren av barnesongen». *Sunnmørsposten* 2.4.2018
- «Vinje på talarstol og gullstol». *Vinjesenteret.no* 7.4.2018
- «Forskingskritikk med smal pensel». *Museumsnytt* nr 2 2018

## Samlingar, utstillingar, formidling

### Gåver til samlingane

Silje Buset har gitt oss høve til å plukke ut ein del interessante trykksaker og bøker frå samlingane etter Laurits og Synnøve Barstad og Rasmus Buset i Volda før eigeidomen no blir seld til Volda kommune. Her var mykje nynorsk kulturhistorie samla på ein stad. Det vi ikkje vil ha, har ho bedt oss sende til Nasjonalbiblioteket. Også Sunnmøre Museum og andre har fått høve til å ta med seg materiale.

### Ny temautstilling i Hauge-senteret

Temautstillinga «Ferdaminne frå Troja til Vestlandet» blei opna 12.4.. Med utgangspunkt i Vinjes *Ferdaminni fraa sumaren 1860* syner utstillinga korleis poesi har vore brukt i ulike reiselitterære verk, frå Homers *Odysseen* til Erlend O. Nødtvedts *Vestlandet*. Ved opninga las Tomas Espedal frå *Gå. Eller kunsten å leve eit vilt og poetisk liv*. Utstillinga står til 12.10.

### Nasjonalt digitalt lesedøgn

Nasjonalt digitalt lesedøgn blei gjennomført 25.4.–27.4.

Etter avtale med Samlaget og på oppdrag frå dei inviterte vi alle elevar på 1.–4. steg i heile landet. Over 200 skular med om lag 9500 elevar melde seg på, frå Nordkapp i nord til Mandal i sør, og i alle fylke utanom Aust-Agder. Gjennom Lesemeister fekk elevane tilgang til over 100 titlar på nynorsk frå ulike forlag. I tillegg til å kunne lese alt på skjerm fekk elevane lydspor til alle bøkene, og dei kunne jamvel lese inn lydspor sjølve. Vi laga også kviss til kvar boktittel. Det heile var organisert som ein konkurranse mellom skulane. Lesedøgnet blei offisielt opna på Bolteløkka skole i Oslo med is og snorklipping.

Tekniske problem med tenesta rett etter opninga gjorde at konkurransen blei endra, og det blei lesefest tre døgn til ende. Elevane las over 700 000 sider.

Vi trekte ut ein vinnar mellom alle skular der kvar elev hadde lese meir enn 100 sider i snitt. Flåm skule gjekk av med sigeren og fekk 15 iPadar i premie.

Alt i alt er vi svært nøgde med prosjektet og mange skular har kome med mange fine tilbakemeldingar. Formidlaren i Aasen-tunet skriv ein sluttrapport med oppsummering og nøkkeltal innan 25.6.

### Les for livet!

Den nye skulesekk-produksjonen som er utvikla i samarbeid mellom Aasen-tunet og Hauge-senteret, er klar for innøving. Utøvarane Siri Beate Fossum og Kim Helge Strømmen har fått

plass hos Seanse i Volda, og Morten Joachim, ny teatersjef ved Haugesund Teater, blir registrert. Stykket får premiere under Ulvik poesifestival 7.9. Alt til hausten blir det framsyningar i Sogn og Fjordane, og produksjonen blir presentert på skulesekk-konferanse i Førde og kanskje Bergen i september.

## **Digitale tenester**

### Ny plattform for Tunkatten.no

Nettstaden Lurivar.no blei sist oppdatert i 2011, og vi må fornye. No flyttar vi over frå utdatert plattform til Wordpress, og det har valda vanskar for personvernet. Etter anbodsrunde har Avento i Ålesund i samarbeid med Havnevik fått oppdraget med ny plattform og formgiving. Avento leverer alle datatenester til Allkunne. Lurivar-teiknaren Monica Egeli blir med i formgivingsfasen av dei nye nettsidene.

### Nynorsk litteraturhistorie, den digitale kortversjonen

Opning av temasidene om nynorsk litteraturhistorie på Allkunne.no er utsett til 23.8. av di boka blei sterkt forseinka. Nye verkøy for sitat og tidslinjer er alt i bruk, mellom anna i artiklar om Oskar Braaten, Aasta Hansteen, Arne Garborg og Hulda Garborg. Vi har brukt mykje tid på denne kortversjonen, og vi er godt nøgde med resultatet.

### Hauges boksamling på nett

Det er no mogleg å søke i boksamlinga til Olav H. Hauge på nettstaden til Ulvik folkebibliotek. Det var dette biblioteket som i si tid registrerte heile samlinga i Micromarc. Utvalde verk vil dessutan bli formidla gjennom Digitaltmuseum.no.

### Mitt Hauge-dikt

Fleire festivalutøvarar presenterer no favorittdikt på Haugesenteret.no. Knut Hamre valde *Les Lu Chi og lag eit dikt*, medan Ranveig Læg Reid delte *Song, trø lett på hjarte mitt*. Fleire kjem.

### Drypp frå boksamlinga

Formidlar Guro Ljone har funne fram Olav H. Hauges bibel. Han har skrive namnet sitt i boka 6.10 1922. Då var han 14 år gamal, og det ligg nær å tru at dette var konfirmasjonsbibelen hans.

### Hauge og den nynorske bokheimen

I samband med Samlagsjubileet og utgivinga av *Nynorsk litteraturhistorie* har vi samla Olav H. Hauge sine kommentarar om nynorsk dikting i dagbøkene sine. Dette var eit arbeid direktøren gjorde i 2015 som ein del av grunnlaget for utviklinga av det prosjektet som no er blitt ei stor bok

### Nye tekstar om og til A.O. Vinje

Til no har Vinjesenteret.no publisert originalverk av Aina Basso, Kjartan Fløgstad, Tom M. Hetland, Jon Haarberg, Jørgen Mathisen, Benedicte Maurseth, Gunnar Skirbekk, Morten Søberg, Einar Økland. Fleire er i arbeid og blir publiserte utover sommaren og hausten.



## Sosiale medium

Vi marknadsfører Festspela i tre kanalar i sosiale medium. *Facebook* bruker vi mest til å generere billettsal, og vi legg ut hendingar til kvart av arrangementa, filmsnuttar og helsingar frå utøvarane, og artklar som vi deler frå nettstaden. På *Twitter* deler vi fagstoff og meir overordna informasjon om Festspela. For å ha ein levande *Instagram*-konto gjennom heile året er denne kontoen endra til @aasentunet. Her deler vi bakomstoff og informasjon om arrangement og utøvarar, saman med andre innlegg om aktiviteten i Aasen-tunet.

## **Arrangement**

### Solid hovudmarkering i Vinje-jubileet

– Det har vore ein overveldande respons frå publikum, og hovudmarkeringa i Vinje-jubileet blei ei god blanding av feiring og nytenking. Eg takkar den lokale arrangementskomiteen og alle dei gode hjelparane våre, sa leiar Jon Rikard Kleven i den nasjonale jubileumskomiteen for Vinje-jubileet etter hovudmarkeringa i Vinje 6.–8.4. Over 1200 gjester var med på eit dusin arrangement med over 60 utøvarar og fleire titals frivillige.

### Bygdepride 2018

Allkunne stod for to arrangement under Bygdepride i Ørsta og Volda. I Aasen-tunet heldt Per Magnus Finnanger Sandsmark foredrag om lyrikken til Åsmund Sveen, og på Rokken i Volda fortalde Ottar Grepstad, Synnøve Marie Sætre og Sandsmark om språk i Melodi Grand Prix, like frå 1956. Arrangementet blei avslutta med den songen som vann heile greia seinare på kvelden.

### Program for Dei nynorske festspela 2018

Festspelprogrammet blei lagt fram 14.3. med 55 arrangement, av dei 15 gratis. Marit Eikemo er involvert i ei rekkje arrangement, til dømes i samtale om essayisten Vinje saman med Gunnar Skirbekk og Ottar Grepstad, og i samarbeid med Sparebank1 Eigedomsmekling held ho vising i eit hus til sals saman med Frode Grytten. Vi har ni programpostar for barn og unge, og det nye tidspunktet har gitt høve til å skape eit omfattande skuleprogram i Ørsta og Volda. I samarbeid med Fylkesbiblioteket i Møre og Romsdal har vi også skuleprogram i Ulsteinvik, Hareid og Herøy dagane før Festspela. Ny dato har også ført med seg samarbeid med ungdomsklubben i Ørsta, Kaihuset, Studenthuset Rokken i Volda og «12-konsert» i Volda kyrkje med to av våre fremste folkemusikarar; Susanne Lundeng og Jorun Marie Kvernberg. 15 forfattarar er med i festspelprogrammet.

Med dette greidde Aasen-tunet å snu ei uheldig utvikling med sein framdrift i programarbeidet til å vere tidlegare ut enn på mange år.

### Program for Litteraturdagane i Vinje 2018

Programmet er i intenst arbeid, og mange programpostar er klare. Ein del av dei blir presenterte når vi opnar nettstaden Litteraturdagane.no 5.6.

### Program for Ulvik poesifestival 2018

Hauge-senteret har annonsert fleire programpostar på nettstad og i pressemeldingar. Festivalpass blei utselde alt i mars. Komplet program blir lansert 14.6.

## **Butikk, kafé, utleige**

### Kafeen

Festspel-retten er bestemt i samråd med festspeldiktaren, og er i år *hakkasteik*. På menyen kjem også wraps.

### Butikkar

Hauge-butikken har produsert nye dekorative sofaputer med utvalde Hauge-sitat, som no er i sal. Dette har vore ein salssuksess som er viktig å ha på plass til sommarsesongen.

Aasen-butikken har laga sitjeunderlag i ull med Vinje-sitat, festspelkrus og festspel-t-skjorte. I tillegg kjem ein termos med sitat av Olaug Nilssen til Festspela. Butikken har gjort ein samarbeidsavtale med Hotell Ivar Aasen som gir eksponering av varer, sal av varer i resepsjonen og gjensidig høve til å leggje ut og henge opp brosjyrar og plakatar.

## **Kommunikasjon**

### Nye opplag av brosjyre for Hauge-senteret

Hauge-senteret har trykt ny engelsk brosjyre i 500 eksemplar som blir spreidde til turistkontor og reiselivsmesser. Den norske brosjyren er trykt i nytt opplag på 10 000 eksemplar. Denne blir lagd ut til alle hotellgjester på Brakanes Hotell og sendt til alle som formidlar reisedestinasjonar i regionen.

### Hauge-dikt på hotellrom i Ulvik

Fleire av romma på Brakanes er no utstyrt med *Dikt i samling* av Olav H. Hauge. Hotellet har også kjøpt inn eit utval av Hauge gjendikta til fleire språk.

### Ikon for Litteraturdagane

Litteraturdagane i Vinje har fått logo og eigne fargar som del av profilprogrammet til Nynorsk kultursentrum. Per Finne er formgivaren, og i tråd med føresetnadene har vi teke vidare motivet i den gamle logoen. På grunnlag av tidlegare styrevedtak godkjende styreleiareren det avsluttande arbeidet.



### Festspelmateriell

Festspelprofilen 2018 er ei vidareføring av det grafiske uttrykket frå 2017, der utøvarane er framheva. Trykksaker:

- Plakat i to storleikar i til saman 1200 eksemplar. Dei er distribuerte lokalt og regionalt, samt til utvalde aktuelle mottakarar nasjonalt.
- Programbrosjyre i 24 000 eksemplar blir distribuert til alle husstandar i ti kommunar i regionen i veke 22, og på utvalde stader der folk møtast i fem kommunar.

- Festspelavisa er trykt i 28 000 eksemplar og var innstikk i Sunnmørsposten 24.5. og Møre-Nytt 31.5. Restopplaget blir distribuert til utvalde stader lokalt.

#### Festspelprofilering i bygdebyane

Butikkane i Ørsta og Volda har vorte inviterte til å lage festspelutstillingar, og vil få utdelt ballongar, profilmateriell og eventuelt låne varer frå butikken i Aasen-tunet, for å bidra til å skape festspelstemning i vertskommunane våre.

### **Bygningar og anlegg**

#### Nytt og felles telefonanlegg

Anlegget som vi varsla til førre møtet, er kjøpt og teke i bruk i Aasen-tunet. For Ulvik og Vinje tyder dette nye nummer i ei ny nummerrekke. No kan vi etter behov organisere felles sentralbord, og all kontakt mellom tilsette er interntelefoni.

### **Økonomi**

#### Prosjektstøtte frå Utdanningsdirektoratet

Utdanningsdirektoratet har løyvt 270' til Allkunne frå lesestimuleringsmidlar. Prosjektstøtta går til 200 letlesne artiklar for ungdomsskuleelevar i natur- og samfunnsfag. Roar Madsen og Ragnhild Hope Birkeland er fagkonsulentar for Allkunne.

#### Prosjektmidlar frå Sparebanken Vest

Allkunne har fått 100' frå Sparebanken Vest til aktuelle artiklar for ungdom.

#### 113' i gåveforsterking

Kulturdepartementet løyvde 16.5. 113' frå gåveforsterkingsordninga. Søknaden gjaldt prosjektstøtte på til saman 450' som Allkunne fekk i gaver i fjor.

#### Hordaland fylkeskommune

Vi har søkt om 850' i driftsstøtte frå Hordaland fylkeskommune for 2019. Direktør og dagleg leiar var 23.5. i eit svært positivt budsjettmøte med fylkeskulturavdelinga. Dei er oppriktig stolte av det Hauge-senteret er blitt og opptekne av den samla drifta vår.

#### Sparebanken Vest

Sparebanken Vest har i møte med dagleg leiar ved Hauge-senteret signalisert positivt til søknaden på 150' frå allmenne kulturmidlar til prosjekt i regi av Hauge-senteret og Poesifestivalen.

#### Støtte til Ulvik poesifestival

Poesifestivalen har fått 100' i støtte frå Fritt Ord i 2018.

#### Produksjonsstøtte til «Les for livet!»

Den nye framsyninga i Den kulturelle skulesekken har fått 50' i produksjonsstøtte frå Norsk forfattarsentrum.

### Driftstilskot til Dei nynorske festspela

Møre og Romsdal fylkeskommune endrar tilskotsordningane sine og har oppretta ei ordning med treårige driftstilskot der vi før 1.6. søker midlar til Dei nynorske festspela. Målgruppa for ordninga er kunst- og kulturorganisasjonar med eit regionalt nedslagsfelt, regionalt-/fylkesledd av frivillige organisasjonar og allmennkulturelle aktørar. Eit regionalt nedslagsfelt er definert som minst fem kommunar. Aktørar som kan vise til heilårsaktivitet, skal prioriterast i ordninga, og fylkesmannen rår difor til å etablere ei eiga ordning for festivalstøtte. Inntil vidare søker vi midlar på den ordninga som er, og sjølv om det er Festspela spesifikt som søker midlar, kan vi også vise til heilårsaktivitet.

#### **Vedtak**

Styret tek informasjonen til vitende.

### **22/2018 Aktuelle saker**

#### **Vedtak**

Styret tek informasjonen til vitende.

### **23/2018 Personalsaker**

#### **Vedtak**

Styret tek informasjonen til orientering.

## **Vedtaksaker**

### **24/2018 Rekneskap januar–april 2018**

#### **Vedtak**

1. Styret tek rekneskapen januar–april 2018 til vitende.
2. Styret tek byggjerekneskap for Steinhuset til vitende og bed administrasjonen bruke desse erfaringstala i seinare byggjeprojekt.
3. Styret godkjenner budsjett og finansieringsplan for rekruttering av ny direktør.

### **25/2018 Direktørstillinga**

Styret gjorde samrøystes vedtak.

### **Vedtak**

1. På grunnlag av sakspapira og drøftinga i møtet tilbyd styreleiaren Per Magnus Finnanger Sandsmark stillinga som direktør i Nynorsk kultursentrum.
2. På grunnlag av drøftinga i møtet utformar styreleiaren arbeidsavtale i samarbeid med direktøren.
3. Direktøren samordnar arbeidet med offentleggjering av tilsetjinga ut frå saksførelegg og drøftinga i møtet.

## **26/2018 Langtidsplan kafeen nr. 5 2018–2021**

### **Vedtak**

1. Med dei merknadene som kom fram på møtet, godkjenner styret *Langtidsplan kafeen nr. 5 2018–2021*.
2. Styret drøftar neste langtidsplan vinteren 2021.

## **27/2018 Olav H. Hauge-stipendet**

### **Vedtak**

Styret får innstilling frå juryen i skriftleg møte måndag 20. august 2018.

## **28/2018 Løyvingar Vinje-fondet**

### **Vedtak**

1. Under føresetnad om godkjenning frå Kulturdepartementet blir midlane for 2018 overførte til 2019.
2. Subsidiært vurderer styret søknadene i neste styremøte 27.9.2018.
3. Styret bed administrasjonen utgreie eventuelle endringar for Vinje-fondet til møtet 27.9.2018.

## **29/2018 Engelske institusjonsnamn**

### **Vedtak**

Styret viser til tidlegare vedtak og gjer dette samla vedtaket om institusjonsnamn på engelsk.

1. Nynorsk kultursentrum heiter Centre for Norwegian Language and Literature

2. Avdelingane har desse engelske namna:

Ivar Aasen Centre for Language and Written Culture

Olav H. Hauge Centre for Poetry

Vinje Centre for Literature and Journalism

Allkunne – Norwegian Encyclopedia

3. Festivalane har desse engelske namna:

Norwegian Festival of Language and ~~Arts~~ Literature

## **30/2018 Profilering av institusjonen**

### **Vedtak**

Styret set pris på den fellesskapstenkinga som pregar det daglege arbeidet i Nynorsk kultursentrum og bed administrasjonen ta med synspunkta frå drøftinga i oppfølginga av denne saka.

## **31/2018 Moment til ein minnepolitisk strategi**

### **Vedtak**

1. Styret bed administrasjonen om å førebu deltaking i Det nasjonale bokåret 2019 med stor vekt på nynorsk skriftkultur.
2. Styret bed administrasjonen leggje fram ei utgreiing om *Skrivande kvinner på nynorsk* til styreseminaret i juni 2019.

## **32/2018 Møteplan 2019**

### **Vedtak**

1. I 2019 har styret ordinære møte onsdag 27.2., onsdag 12. juni, fredag 27.9. og fredag 6.12. Møtestader blir vedtekne seinare.
2. Eventuelt styreseminar i eit anna land blir fastsett på styremøtet i desember.

## **33/2018 Nynorsk kultursentrum 25 år**

### **Vedtak**

Styret sluttar seg til vurderingane i saksførelegget og bed administrasjonen ta med synspunkta frå drøftinga i det avsluttande arbeidet.

## **34/2018 Opprydding av uteområde i Aasen-tunet**

### **Vedtak**

Styret tek informasjonen til vitende og sluttar seg til framlegget om markering av gamlevegen.

# Drøftingssaker

## 35/2018 Reglar for personvern

### Vedtak

Styret bed administrasjonen ta drøftinga til vitende.

## 36/2018 Resultatvurdering januar–mai 2018

### Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

## Perspektivdagen 2018

Torsdag 7. juni 2018 på Møre folkehøgskule, Ørsta

- 09.45 Oppmøte ved Ivar Aasen-statuen i Ørsta sentrum
- 10.00 Blomar ved bauta: Gaute Øvereng legg blomar på Ivar Aasen-statuen
- 10.20 Opning og presentasjon
- 10.25 Simone Stibbe: Situasjonen for nynorsk skjønnlitteratur i eit litteraturpolitisk perspektiv 1993–2018  
Ottar Grepstad: Tre poeng om nynorsk sakprosa 1993–2018  
Spørsmål og kommentarar
- 11.15 Edmund Austigard: Den nynorske forleggjarrolla i eit digitalt Noreg
- 11.45 Pause
- 12.00 Strategi for ein nynorsk litteraturpolitikk etter 2020  
I panelet: Simone Stibbe, Edmund Austigard og Per Magnus Finnanger Sandsmark
- 12.40 Jon Østbø: Framtida oppsummert
- 12.55 Velkomen tilbake til Perspektivdagen 2019
  
- 13.00 **Lunsj**

# Godkjend protokoll

Protokoll frå styremøte 6. juni 2018 er godkjend i styremøte 27. september 2018.

---

Lodve Solholm

---

Hilde Barstad

---

Hilde Løkensgard Bjørnsvik Sæbjørn Forberg

---

Siri Beate Gjerde

---

Janne Nygård

---

Jon Østbø

---

Ottar Grepstad